

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 30.05.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Veslemøy Hagalid Haug m. fleire  
**SAKA GJELD:** **Rapportering frå verksemda per april 2023**

**ARKIVSAK:** 2023/157  
**STYRESAK:** 057/23

**STYREMØTE:** **14.06.2023**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 30. april 2023 til etterretning.

# 1. Kva saka gjeld

Saka presenterer rapportering frå verksemda per 30. april 2023.

# 2. Hovudpunkt og vurdering av handlingsalternativ

## Målekort

(Oppdatert data på pakkeforløp kreft er ikkje tilgjengeleg frå Norsk Pasientregister)

Målekort Helse Vest - april		Nasjonale mål	Denne periode		Mål oppnåelse	Hittil i år		Mål oppnåelse
			Faktisk	Mål HV		Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	50	66	50		65	50	
	Ventetid - PHV	40	50	40		48	40	
	Ventetid - BUP	35	60	35		56	35	
	Ventetid - TSB	30	26	30		31	30	
Andel kontakter passert planlagt tid			13,1%			13,3%		
* Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer								
Korridorpasienter somatikk			1,3%			1,3%		
Aktivitet:				Tall i fjor	Endring mot fjoråret		Tall i fjor	Endring mot fjoråret
Somatikk	Døgnoophold		12 911	13 344	-3,2%	55 352	53 406	3,6%
	Dagopphold		3 563	3 797	-6,2%	18 188	17 664	3,0%
	Poliklinikk		103 651	101 093	2,5%	496 268	453 198	9,5%
Psykiatri	Døgnoophold		592	704	-15,9%	2 778	2 859	-2,8%
	Dagopphold		10	6	66,7%	50	33	51,5%
	Poliklinikk		28 101	31 857	-11,8%	140 295	145 956	-3,9%
TSB	Døgnoophold (ekskl. private)		122	126	-3,2%	525	472	11,2%
	Dagopphold		3	1	200,0%	6	2	200,0%
	Poliklinikk		6 059	7 311	-17,1%	28 712	30 283	-5,2%
Bemanning	Brutto månedsverk		25 935	25 435	2,0%	25 832	25 322	2,0%
	Sykefravær	5,5%	7,8%	7,9%		8,5%	9,6%	
			Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap	Budsjett	Avvik
Økonomi	Resultat		2 952	51 917	-48 965	-122 257	159 178	-281 435

## Ventetider og fristbrot

Fagområda samla hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 65 dagar i april. Pasientane som framleis stod på venteliste ved utgangen av månaden hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 66 dagar. April-månad var påske-månad og ein ville derfor vente ei lita auke i ventetid og prosentdel fristbrot på grunn av eit lågare tal arbeidsdagar.

Dei somatiske fagområda hadde ei samla ventetid på om lag 66 dagar i april, som er over den nasjonale målsettinga på 50 dagar.

Den nasjonale målsettinga er at ventetida innan psykisk helsevern for vaksne (PHV) skal være under 40 dagar i gjennomsnitt. I april 2023 var den gjennomsnittlege ventetida på 50 dagar. Helse Førde hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 36 dagar og var det einaste føretaket som nådde målsettinga på 40 dagar.

Innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP) var ventetida på 60 dagar i april, som er ein auke på 6 dagar sidan førre månad. Ingen av føretaka nådde den nasjonale målsettinga på 35 dagar. Helse Bergen var nærast målsettinga med 45 dagar i gjennomsnittleg ventetid, medan Helse Stavanger hadde høgast ventetid med 74 dagar i april.

Samla gjennomsnittleg ventetid var 26 dagar innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) i april, noko som er innafor den nasjonale målsettinga på 30 dagar.

Prosentdel fristbrot for dei som har starta helsehjelp har auka frå førre månad frå 6,3 % til 7,9 %. Prosentdel ventande med fristbrot var 7,8 % i april, prosentdelen har auka med 1,5 prosentpoeng sidan førre månad.


Når ein ser på utviklinga per fagområde har Helse Fonna høgast del fristbrot innan somatikk. Innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP) er det Helse Stavanger som har høgast del fristbrot. Føretaket har iverksett tiltak for å betra situasjonen, men det er for tidleg å fastslå om tiltaka som blei iverksett på nyåret har hatt ønska effekt.

## Kreftbehandling

Helsedirektoratet har ikkje klart å levere statistikk for pakkeforløp kreft i 2023. Helsedirektoratet arbeider med å korrigere denne feilen.

## Aktivitet

Aktivitetsveksten i 2019, 2022 og 2023 har i all hovudsak vore poliklinisk. Figuren nedanfor viser utviklinga i tal sjukehusopphald og polikliniske konsultasjonar innan somatikk. Samla var aktivitetsnivået høgare i april 2023 enn i same månad i 2019 og 2022.



## Somatikk

Både tal døgnopphald og dagopphald var lågare per april 2023, høvesvis 1,6 % og 1,2 %, enn på same tid i 2019. Medan det har vore 3,6 % fleire døgnopphald og 3 % fleire dagopphald per april 2023 samanlikna med same tid i 2022. Tal polikliniske konsultasjonar var høgare i april 2023 enn på same tid i 2019 og 2022, høvesvis 16,6 % og 9,5 %. Auken i tal på polikliniske konsultasjonar sidan 2019 er stor og forklarar nok delvis at tal døgnopphald ikkje har auka sidan 2019; dette er ei ønska utvikling.

## Psykisk helsevern

Innan psykisk helsevern for vaksne var poliklinisk aktivitet per april 2023 2,6 % lågare enn i 2019 og 0,1 % høgare enn i 2022.

Barn og unge med psykiske lidningar blir i all hovudsak behandla poliklinisk. I april 2023 var den polikliniske aktiviteten 0,7 % høgare enn i 2019, medan det har vore ei nedgang på 9,2 % i 2023 samanlikna med same tid i 2022.

## TSB


Hittil i år er den polikliniske aktiviteten innan TSB i føretaka 19,5 % lågare enn i 2019 og 5,2 % lågare enn i 2022. Noko av denne endringa skuldast endringar i kodepraksis for konsultasjonar, spesielt visast dette i endringane frå 2019.

Når ein samanliknar den polikliniske aktivitetsveksten innan psykisk helsevern og TSB mot aktivitetsveksten innan somatikk mellom 2022 og 2023 er veksten lågare innan dei prioriterte områda. Det skuldast mellom anna mangel på legespesialistar og spesialistar i klinisk psykologi i desse sektorane.


## Sjukefråvær

### Utvikling sjukefråværsprosent over tid

Samla sjukefråvær for føretaksgruppa Helse Vest var **7,86 % for april 2023**. I april 2019 var samla sjukefråvær for føretaksgruppa Helse Vest 6,50 %. Samla sjukefråvær april 2023 er 1,36 prosentpoeng høgare enn i april 2019. Sjukefråværet varierer mellom føretaka og i det enkelte føretaket.



Trend for dei fire helseføretaka med pasientbehandling viser at gjennomsnittleg sjukefråværsprosent er 1,2 prosentpoeng høgare hittil i år samanlikna med hittil i år april 2019:



## HMS/kvalitet

Det er meldt 3 993 saker for HMS området hittil per april 2023. Tal avslutta saker hittil per april er 2 584. Ikkje alle saker som er meldt er endeleg kategorisert. Hittil per april 2023 er 2 789 saker klassifisert "hendelsestype" HMS.

Av dei 2 789 sakene som var kategorisert til HMS området, er 925 kategorisert psykososialt arbeidsmiljø. Dei fleste er fordelt slik: 142 truslar om vald, 91 truslar om drap, 92 slag, 97 trakassering, 59 anna utagering og 74 anna vald og truslar mot tilsette.

Til samanlikning var det registrert 62 truslar om drap og 86 truslar om vald hittil per april 2022.

Gjennom prosjektet Topp 5 risiko – vald og truslar mot medarbeidarar er det etablert eit nytt kunnskapsgrunnlag. Prosjektet har identifisert 14 tiltaksområder som kan bidra til å redusere vald og truslar mot medarbeidarar. Rapporten blir lagt fram for styret i Helse Vest i juni.

Hittil per april 2023 var det klassifisert 7 590 pasientrelaterte hendingar. Dei fleste er fordelt mellom 1 574 diagnostikk/utgreiing, 1 704 behandling/pleie, 578 blod, celler, vev og organ og 955 for legemiddel.

## Økonomi

Resultatet for føretaksgruppa for april månad er 3 mill. kroner, som er 49 mill. kroner lågare enn budsjettet. Akkumulert per april er resultatet negativt med 281,4 mill. kroner.

Framlegg til revidert nasjonalbudsjett blei lagt fram den 11. mai 2023. Desse tildelingane er ikkje innarbeida i rapporteringa pr. april.

Dei viktigaste forholda frå revidert nasjonalbudsjett er følgjande:

- Varig styrking av økonomisk ramme på 2,5 mrd. kroner (vidareføring av nysaldering frå 2022)
- Om lag 2,2 mrd. kroner i ekstraordinær lønns- og prisjustering av driftsbudsjettet
- Om lag 1,5 mrd. kroner i auka låneramme som følgje av auka prisvekst

For Helse Vest inneber dette følgjande:

- Varig auke i basisramma med 479 mill. kroner
- Auke i basisramma som følgje av ekstraordinær lønns- og prisjustering på 273,6 mill. kroner
- I tillegg vil ISF satsen og andre budsjettpostar bli justert med ny deflator. Dette vil bli omtala i eigen sak om revidert nasjonalbudsjett i juni-møtet
- Som følgje av reduksjon i pensjonskostnad vil basisramma til Helse Vest bli sett ned med 248,9 mill. kroner. Den faktiske pensjonskostnaden vil bli redusert med om lag 165 mill. kroner. Det vil derfor bli ein underdekning på om lag 84 mill. kroner som må handterast innafor den samla rammeendringa

I tillegg får Helse Vest auka låneramme til investeringar med om lag 522 mill. kroner som følgje av ekstraordinær prisvekst.

Resultatet per april er som følgjer per føretak:

	April 2023			Hittil i år		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Helse Stavanger	-7 344	833	-8 177	-86 559	3 333	-89 892
Helse Fonna	-20 926	-0	-20 926	-88 020	-0	-88 020
Helse Bergen	-3 181	9 856	-13 037	-118 472	-0	-118 472
Helse Førde	-7 171	0	-7 171	-25 477	0	-25 477
Sjukehusapoteka VEST	-554	-1 712	1 158	215	300	-84
Helse Vest IKT	-6 876	1 874	-8 750	-4 884	7 772	-12 656
Helse Vest Morselskap	49 003	41 066	7 937	200 940	147 773	53 167
<b>Til saman</b>	<b>2 952</b>	<b>51 917</b>	<b>-48 966</b>	<b>-122 257</b>	<b>159 178</b>	<b>-281 435</b>

*Alle tal i heile tusen*

Helse Stavanger har tre eingongshendingar som påverkar resultatet positivt i april:

- Inntekt for ny aktivitet på TSB er ført i tråd med utgiftene hittil i år. Dette forbetrar inntektene med 6,2 mill. kroner, og er ein del av ekstra løyving frå Helse vest til TSB
- I forskingsavdelinga er det gjort ei korrigering i kostnader til Stavanger helseforskning, noko som betrar resultatet i april med 2,3 mill. kroner

- Frå desember til mars blei det fakturert for mykje frå Helse Midt som følgje av ei feil i Helseplattformen. Denne feilen blei reversert i april og gir ei reduksjon i kostnad for PHV på omlag 2.1 mill. kroner.

Resultatet i april korrigert for desse effektane blir om lag – 12,9 mill. kroner, noko som er 13,7 mill. kroner lågare enn budsjett. Sjølv med korrigert budsjettavvik, er avviket til Helse Stavanger lågare enn tidlegare, og samla inntekter er positive.

Hovudårsaka til det negative avviket i Helse Stavanger er framleis høge kostnader på løn- og personale, samt mindre avvik på andre driftskostnader.

For Helse Fonna kjem det negative budsjettavviket i hovudsak frå avvik på løn- og personalkostnader, der det er overtid, variable tillegg samt innleige som i stort har negative avvik. Det er og negative avvik på kjøp av varer og tenester, som i hovudsak kjem av behandlingshjelpemiddel, laboratorierekvisita og legemidlar.

Helse Fonna har eit lite negativt avvik på inntekter i april månad, men akkumulert har pasientrelaterte inntekter og inntekter samla eit positivt avvik. Det negative avviket til føretaket er mindre enn føregåande månadar.

Helse Bergen rapporterer at det negative avviket i april er knytt til lågare aktivitet enn budsjettert, høge kostnader til fritt behandlingsval og gjestepasientar og høgare lønskostnader enn budsjettert. I april kom også dom i ankesaka om anskaffing av utstyr til Protonsenter, der Helse Bergen fekk medhald. Det betyr at kostnader på 22 mill. kroner som vart ført i rekneskapen for 2022 no er tilbakeført. Samtidig blei det tapsført 8,5 mill. kroner til ubetalte krav som er eldre enn 3 år.

Den lågare aktiviteten gjeld somatikk, og samla sett for føretaket er det eit vesentleg negativt avvik i ISF-inntekt. Dette blir delvis gjort opp for av positive avvik i DRG-poeng for H-resept og TFG.

Kostnader til fritt behandlingsval skal gradvis bli avvikla gjennom året, men dei er no vesentleg høgare enn tidlegare år. Ved avvikling av denne ordninga skal sjukehuset ta hand om desse pasientane og budsjettmidlar forbunde med dette formålet er difor omdisponert i budsjett for 2023.

Kostnader til løn- og personale har vært over budsjett så langt i år, og er ein av dei store kostnadsdrivaren i føretaket. Sjukefråværet har hittil i år vært høgare, noko som gir auka i kostnader til vikar, meirarbeid og overtid.

Det negative avviket er også for Helse Bergen mindre negativt enn for førre månad.

For Helse Førde er kostnadane til løn- og personale høgare enn budsjett, avviket er høgare enn i mars, men redusert samanlikna meir årets fyrste månadar. I april er også aktiviteten i somatikk negativ samanlikna med budsjett, og det er eit meirforbruk på varekostandar.

Helse Vest IKT har oppdaga ei feil i rekneskapen for 2022 som er knytt til periodisering av kostnader til lisensavtale og prosjektkostnad. Netto effekt er om lag 5 mill. kroner og er ført i april. Helse Vest IKT har ikkje fakturert føretaka for dette, da det gjeld ein feil i rekneskapen for 2022. Dette er hovudårsaka til det negative avviket i april.

I april er tilbakemeldingane frå dei fleste av føretaka at dei økonomiske avvika er mindre enn tidlegare, men kostnadene til løn- og personale er framleis negative.

Arbeidet med tiltak er viktig og må halde fram. Sjukehusa er avhengig av å reetablere framtidig resultatkrav for å sikre økonomisk berekraft til å gjennomføre nødvendige investeringar.

I styresak om revidert nasjonalbudsjett 2023 vil det bli gjort ei vurdering av kor stor del av den varige forbetringa av økonomisk ramme skal brukast til å styrke resultatkravet og kor mykje som skal går til drift.

Vedtaket i styremøtet den 19.04.2023 i samband med Rapportering frå verksemda per februar 2023 er vidareformidla til føretaka i brev datert 04.05.2023.

### **Gevinstrealisering frå legemiddelkjøp**

Alle de fire helseforetaka i Helse Vest er på topp 5 i Norge i å hente ut rabatter på legemiddelavtaler. Av 20 helseforetak i Norge, gikk Helse Stavanger fra 8. plass til 3. plass i 2022.


Topp 5 i rabatt:

<b>Legemiddelkjøp i helseforetak</b>	<b>Rabatt% i 2022</b>
Helse Bergen HF	49,4 %



Helse Førde HF	48,7 %
Helse Stavanger HF	48,3 %
Sørlandet sykehus HF	48,2 %
Helse Fonna HF	48,1 %
Finnmarkssykehuset HF	47,8 %
St. Olavs Hospital HF	47,8 %
Sykehuset Østfold HF	47,4 %
Helse Nord-Trøndelag HF	47,3 %
Akershus universitetssykehus HF	47,2 %
Sykehuset Innlandet HF	47,1 %
Vestre Viken HF	46,9 %
Universitetssykehuset Nord-Norge HF	46,6 %
Helse Møre og Romsdal HF	46,4 %
Sykehuset i Vestfold HF	45,7 %
Nordlandssykehuset HF	45,3 %
Sykehuset Telemark HF	44,9 %
Helgelandssykehuset HF	44,1 %
Oslo universitetssykehus HF	42,2 %
Sunnaas sykehus HF	26,8 %

Gevinstrealisering i praksis over tid:



Kilde: SLS (Sykehusapotekenes legemiddelstatistikk)

### 3. Administrerende direktør si vurdering

Den gjennomsnittlege ventetida for alle fagområda var på 65 dagar i april, noko som er over målet på 50 dagar. Fagområda somatikk, psykisk helsevern for vaksne (PHV) og psykisk helsevern barn og unge (BUP) ligg godt over måla som er høvesvis 50, 45 og 35 dagar. For tverrfagleg spesialisert rusbehandling var gjennomsnittleg ventetid 26 dagar i mars, som er over målet om 35 dagar, og lågare enn både for januar, februar og mars.

Aktiviteten for somatikk og psykisk helsevern vaksne er høgare i april 2023 enn for 2022. For psykisk helsevern barn og unge og TSB er aktiviteten lågare for april 2023 enn for april 2022.

Det er tett dialog mellom Helse Vest RHF og foretaka når det gjeld den økonomiske situasjonen. Alle helseforetaka har iverksett ei rekke tiltak, og det er administrerende direktørs oppfatning at det arbeides godt og systematisk med desse.

Revidert nasjonalbudsjett er ikkje innarbeid i talgrunnlaget.

Ventetidar innan psykisk helsevern, og særskilt for barn og unge er forsatt for høge, og gjer grunn til bekymring. Det vises til sak om berekraftig utvikling innan psykisk helsevern og rus i styremøtet. Det er viktig at funna i rapporten følgjes systematisk opp framover.

Vedlegg:

1. Talgrunnlag og analysar